

# Danning og utdanning i bedrift

Opplæring i bedrift – Praktisk yrkesopplæring - Situert læring – Praksisteori



Sjå den på lenka: <https://www.youtube.com/watch?v=NwNzH5SkLpgU&t=1s>

Eller søk på: **Danning og utdanning i eit praksisfellesskap. Samtalar med tømrrar og lærling**

**Eg følgjer lærling og svenn gjennom to arbeidsdagar. Eg går åpent og dokumentarisk til verks, men fokuserer særleg på samhandlinga og kunnskapsformidlinga i læringsfellesskapet. Eg spør kva kvalitetar svennen ser etter hos ein lærling og kva tankar han har om sitt opplæringsansvar. Eg spør også om bakgrunnen for yrkesvalet deira og korleis dei ville utforma grunnskulen dersom dei kunne. Svara dei gir har bestemt fokus i den teoretiske utdjuinga.**


Kva går tømrraryrket ut på, og kva eigenskapar bør ein lærling ha? Tømrrarsvennane Kim-Alexander Nilsen og Henrik Norstrand deler av sine yrkeserfaringar. Tømrrarlærling Trygve-Johan Fresvik Jensen fortel om sitt yrkesval og sin kvardag som lærling. Dette er ein film på 26 minutt kor eg med utgangspunkt i samtalaner trekkjer linjer til opplæringslov, danningsteori, pragmatisk og fenomenologisk teori. Med Dewey (1902/1900/1990 og 1916) kritiserer eg oppdelinga av kropp og sinn i det tradisjonelle klasseromet. Å lære er å knyte sambandet mellom erfaring og tenking, men bryt ein dette sambandet oppstår det to lausrivne fragment. Med Merleau-Ponty (2012/1945) finn vi filosofisk grunnlag for å anerkjenne kroppen som avgjerande for individet si orientering i verda. Dette gir oss eit sterkt

argument for ein kontinuerleg tilgang til eit rikt felt av praktiske erfaringar. Mennesket lærer i sitt intensjonale samspel med fenomena, og desse livsverdslege erfaringane er grunnleggjande for å konstruere seg sjølv, andre og heile den fysiske og historiske verda, vitskapen inkludert (Husserl i Hestholm, 2020). Saman med tømrrar, lærling og Schön (1987) argumenterer eg for ein meir demokratisk representasjon av praktiske og teoretiske kunnskapar og metodar i grunnskulen og for eit læringsmiljø som liknar meir på eit praksisfellesskap. Filmen gir også ein teoretisk argumentasjon for det konkrete, kroppslige arbeidet som erkjenning- og tenkingsgrunnlag: Med tankane rettleiast handlingane og med erfaringa får vi eit empirisk, eksperimentelt grunnlag for tenkinga (Dewey i Hestholm, 2020).

Filmen er ein pilot til ein lengre dokumentar om yrkesfagleg opplæring. Prosjektet er godkjent av NSD (Norsk senter for forskningsdata).

## Kjelder (brukt i filmen):

- Dewey, John (1902/1900/1990): *The School and Society. The Child and the Curriculum*. London: The University of Chicago Press, Ltd.
- Dewey, John (1916). *Democracy and Education: An Introduction to the Philosophy of Education*. New York: Macmillan. Henta frå: <https://archive.org/stream/democracyeducati1916dewe#page/n11/mode/2up>
- Hestholm, Grethe Nina (2020). *Kva talar for ein likeverdig representasjon av praktiske og teoretiske kunnskapar i obligatorisk skulepensum? Kunnskapsteoretiske, dannelsesfilosofiske og utdannings sosiologiske argument* (Doktoravhandling). Høgskulen på Vestlandet <https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/handle/11250/2680221>
- Husserl, Edmund (1982/1950). *Cartesian Meditations. An Introduction to Phenomenology*. The Hague: Martinus Nijhoff Publishers. Henta frå: [http://www.24grammata.com/wp-content/uploads/2011/11/Husserl-Cartesian-Meditations-24grammata.com\\_.pdf](http://www.24grammata.com/wp-content/uploads/2011/11/Husserl-Cartesian-Meditations-24grammata.com_.pdf)
- Humboldt, Wilhelm von (1960): *Theori der Bildung des Menschen. I: Wilhelm von Humboldt. Werke in fünf Bänden*. Wissenschaftliche Buchgesellschaft, Darmstadt. Bind 1.
- Hörner, W. (2010). Bildung. In W. Hörner, B. Drinck, & S. Jobst (Eds.), *Bildung, Erziehung, Sozialisation*. Opladen, Farmington Hills: Verlag Barbara Budrich UTB.
- Lave, Jean & Etienne Wenger (2003). *Situert læring og andre tekster*. København: Hans Reitzels Forlag
- Lock, Andy, Tom Strong (2014). *Sosialkonstruksjonisme. Teorier og tradisjoner*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Merleau-Ponty, Maurice (2012/1945). *Kroppens fenomenologi*. Bokklubbens Kulturbibliotek.
- Opplæringslova (1998). Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. (LOV-1998-07-17-61). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>
- Schön, Donald (1987): *Educating the reflective practitioner*. San Francisco: Jossey Bass Publishers.



Postdoktor **Grethe Nina Hestholm**  
Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag



Western Norway University of Applied Sciences